



Kjartan Refsdal
Skodvinsvegen 230
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/758 - 18/9432

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2018

Svar - Søknad om avkjørsle - gbnr 95/1 Refsdal

Viser til søknad om avkjørsle/lastelomme for uttak av tømmer – Refsdal, datert 01. Mars 2018.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løye til midlertidig avkjørsle frå kommunal veg for uttak av tømmer.

- Avkjørsle/lastelomme vert etablert som anvist i felles synfaring med Irene Wilhelmsen og Kjetil Eikefet frå vegavdelinga i Lindås kommune. Eksisterande «landbrukslomme» nyttast til å etablere ein sløyfe der tømmerbil kan køyre inn og ut på komunevegen (vedlagt grunnlagsskisse).
- Av- og påkjørsel til komunevegen etablerast med stikkrenne i grøft under av-/påkjørsle (ø200mm).
- Siksone er sett til 4x45m.
- Ved ferdig arbeid reetablerast grøft langs vegen.

Vi gjer merksam på at løye til avkjørsle berre gjeld tilknyting til kommunal veg.

Bygging/utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova, og vert behandla i eige vedtak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:



Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dagen vedtaket vart motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytt høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avkjørsle_tømmer_Refsdal
Svar - Søknad om dispensasjon til utkjøring av tømmer Skodvin (337679)

Kopi til:
Linda Folkestad

Mottakarar:

Kjartan Refsdal	Skodvinsvegen 230	5956	HUNDVIN
-----------------	----------------------	------	---------